

Stikk UT! Bedrift

Skap samhald, aktivitet og gode fellesopplevingar på jobben!

Stikk UT! Bedrift har blitt ein stor suksess, og vi ønskjer både tidlegare og nye arbeidsplassar velkomne til ein ny sesong. Startskotet går 1. mai, men påmeldinga er opna. Det er også råd å melde seg på i løpet av sesongen.

Stikk UT! Bedrift er for arbeidsplassar som vil forebygge sjukefråver og motivere dei tilsette til fysisk aktivitet - og gi dei positive naturopplevingar på kjøpet. Det er enkelt å vere med, og friluftsrådet får mange tilbakemeldingar frå deltakarane om lågare sjukefråver, auka trivsel og hyggeleg fellesskap rundt turpraten i lunsjpausane.

Både privatpersonar og Stikk UT!-bedriftene brukar nettsida stikkut.no til å få oversikt over turmål og registrere turane sine. Kvar bedrift har ein administrator, som inviterer dei andre tilsette til å vere med. Dei knyter seg til Stikk UT! Bedrift via invitasjonslenka administratoren sender ut på e-post. Under fana «Mi bedrift» kan ein sjå kven i bedrifta som er med og kor mange turar dei har gått.

Informasjonen kan brukast til interne konkurransar og kåringar, til å tevla med andre avdelingar og bedrifter, til å lage statistikkar og til å trekkje vinnarar mellom dei tilsette.

Stikk UT! Bedrift passar både til arbeidsplassar i det private næringslivet, i det offentlege og i lag og organisasjonar. Til sesongstart 1. mai lanserer Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal i år ei revidert og felles heimeside på stikkut.no. Der er informasjon om alle Stikk UT!-turane i fylket i 2018 samla.

Det er berre å glede seg til alle dei fantastiske turmåla som ventar!

Friluftsrådet tilbyr følgjande Stikk UT! Bedrift-pakkar:

Grøn pakke:

- Inkluderer tilgang til registreringsløsning og statistikk for tilsette i bedrifta.
- Toppliste over alle bedriftene som er med.

Pris: Kr 2800

Blå pakke:

- Inkluderer tilgang til registreringsløsning og statistikk for tilsette i bedrifta.
- Toppliste over alle bedriftene som er med.
- Høve til å legge til avdelingar.
- Logo/annonse på stikkut.no

Pris: Kr 12 000

Raud pakke:

- Inkluderer tilgang til registreringsløsning og statistikk for tilsette i bedrifta.
- Toppliste over alle bedriftene som er med.
- Høve til å legge til avdelingar.
- Logo/annonse på stikkut.no
- Høve til å sponse eit av årets turmål med logo på baksida av eit kodekort i turkassa (Bedrifta må gjerne bruke dette turmålet til noko spesielt i løpet av sesongen, som fellesturar, motbakkeløp, familiedag og liknande).

Pris: Kr 20 000

MELD PÅ DI BEDRIFT PÅ StikkUT.no

KONTAKT: May Britt Haukås • may@friluftsradet.no • Tlf: 977 09 653

 Sunnmøre friluftsråd